

# OVERGANG FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE OG SFO

## VELKOMMEN SOM ELEV VED SKULEN

### I GISKE



## INFORMASJON TIL FORELDRE



«Det var bra eg kom»

### VELKOMMEN

I Giske kommune har om lag 100 nye 1. klassingar sin første skuledag i august. Dei aller fleste har gått eitt eller fleire år i barnehage, og barna skal sikrast ein trygg og god overgang gjennom samarbeid mellom foreldre, barnehage, skule og skulefritidsordninga, -SFO.

Giske kommune ønskjer kvar enkelt lykke til med den siste tida i barnehagen, med overgangen og med skuledagane som ventar.

### MÅLET MED SAMARBEIDET

Giske kommune vil sikre samanheng mellom barnehage, skule og SFO. Målet er at barna er trygge og godt førebudde til skulestart. Det er viktig at barnehage, skule, SFO og foreldre samarbeider aktivt om barnet si utvikling og overgangen til skulen.

### FORVENTNINGAR TIL FORELDRE

- \* Snakk positivt om skulen, dei andre foreldra og barna i klassen.
- \* Snakk med barnet om kva forventningar som er knytt til skulen og skulestart, rettlei barnet slik at det har realistiske forventningar.
- \* Hjelp barnet til å vere sjølvstendig i påkleiding og ved toalettbesøk.
- \* Still opp på foreldremøte og i skulesamarbeid.

### KVA SKJER I BARNEHAGEN FØR SKULESTART?

Giske kommune har eigne prosedyrar for overgang barnehage—skule. Barnehagen presenterer rutinar for overgangen på foreldremøte i august/september. Rutinane skal sikre at:

- ⇒ At barnet får opplevingar som gir ein god overgang.
- ⇒ At nødvendig informasjon blir utveksla mellom barnehage—skule
- ⇒ At samarbeidet rundt barn med særskilte behov startar så tidleg som mogleg.
- ⇒ At både barn og foreldre opplever en samheng mellom barnehage og skole/SFO.

Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehetida på ein god måte og møte skolen med nysgjerrigheit og tro på eigne evner.

Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheiter som kan gi dem eit godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skolen.

- \* Barnehagen besøker skulen og SFO om våren.
- \* Det blir gjennomført overgangsmøte mellom barnehage og skule etter samtykke frå foreldre.
- \* Rektor kjem på besøk i barnehagen.
- \* Barnehagen har eige pedagogisk opplegg for femåringane med vekt på lek, sosial kompetanse, språkleg kompetanse, sjølvstende og å vekke nysgjerrigheit for læring.

## KVA SKJER I SKULEN FØR SKULESTART?

### INNSKRIVING

Innskriving er i februar same år som skulestart.

Barnet får skriftleg invitasjon i posten og møter på skulen i lag med foreldre.

### FØRSKULEDAG

I slutten av mai blir barna inviterte til førskuledag (foreldre er med etter avtale, sjå oppslag frå skulen).

Kontaktlærar samlar klassa, og i løpet av dagen møter barna SFO-leiar, fadrar og rektor.

### FORELDREMØTE

Skulen kallar inn til foreldremøte enten som ein del av førskuledagen, eller i eit eige møte.

Det blir informert om skulestart og kva forventningar skulen har til foreldre, samt gitt informasjon om SFO.

### ETTER SKULESTART

Skulane i Giske arrangerer foreldremøte og foreldreskule. Kontaktlærar kallar inn til foreldresamtale eller utviklingssamtale med fokus på enkelteleven.



## SKULEFRITIDSORDNINGA

- \* Alle skulane i Giske tilbyr SFO for elevar frå 1. til ogmed 4. klasse.
- \* SFO skal gi elevane moglegheit for variert leik, og støtte foreldra sitt behov for eit trygt tilsyns- og omsorgsmiljø som fremjar barna si utvikling.
- \* SFO har foreldremøte om hausten.
- \* Søknadsfrist er 1. mars. Søknadsskjema for SFO er tilgjengeleg på heimesida til Giske kommune.

## SKULESKYSS

Som hovudregel har elevar i grunnskulen rett på gratis skuleskyss dersom dei har meir enn fire km skuleveg.

For 1. klasse gjeld retten for dei som har to km skuleveg eller meir. Meir info om skyssreglementet på nettsidene til Møre og Romsdal fylkeskommune.



## FRAMSKOTEN ELLER UTSETT SKULESTART

Sakkunnig vurdering frå PPT må ligge føre i søknad om framskoten eller utsett skulestart.

- \* For søknad om framskoten skulestart må barnetfylle fem år innan 1. april.
- \* Utsett skulestart inneber skulestart det året barnet fyller sju år.

## PEDAGOGISK- PSYKOLOGISK TENESTE (PPT)

PPT i Giske er ei hjelpeteneste for barn, unge og vaksne med særlege opplæringsbehov. Tenesta skal bidra til at barn, unge og vaksne med særskilte behov får gode og likeverdige opplærings- og utviklingsmoglegheiter.

## KONTAKTINFORMASJON TIL SKULANE

- \* Godøy skule - Oddfrid Reinlund: oddfrid.reinlund@giske.kommune.no
- \* Giske skule- Gry Støbakk Ytterland: gry.stobakk.ytterland@giske.kommune.no
- \* Valderøy barneskule - Terje Austnes: terje.austnes@giske.kommune.no
- \* Vigra skule - Karianne Oline Farstad: karianne.oline.farstad@giske.kommune.no

Giske kommune sentralbord: 70 18 80 00

Heimeside: [Hovedportal \(giske.kommune.no\)](https://hovedportal.giske.kommune.no)